

Fusa kommune

Bjørnefjorden landbrukskontor

v/Martin Skram Vatne

Uttale til forvaltningsplan for gås i Tysnes kommune.

Heimehøyrande gåseartar skal sikrast levedyktige bestander står det i planen.

På Hovland i Tysnes kom gåsa for om lag 10 år sidan og har ikkje vore rekna som ein heimehøyrande art.

Det har auka på med gås dei seinare åra og som det står i planen, gjer ho stor skade på innmark og slåtteland med nedbeiting og tilgrising. Det har vore 6 til 10 hekkande par enkelte år med opp til 70 gås som kjem i enga i juni og juli mnd. I år er det 6 hekkande par. Dette i tillegg til eit auka hjortepress.

Dersom det skal tillatast ei gåsestamme i bygda så må denne vera så liten som råd er.

Det må og frå myndighetene si side å informere om at det er jageområde og friområde i bygda og at det er eit felles ansvar og jage i dei områda som er det.

Opplever no at dersom ein jagar vert ein uglesett og det vert kommentert kva du gjer.

Gardsnr. 129/7

Leif Magne Hovland

Hovlandsstrando 162

5694 Onarheim